

Guvernørens månadsbrev for august D2275

Du verden kor rotaryåret skyt i veg. Mitt første klubbesøk er avvikla i distriktet sin sørlegaste klubb, Kristiansund. Forresten. Surnadal er nok eit hakk lengre sør, men Kristiansund er i allefall den sørlegaste byen i distriktet.

Møtet vart velukka, og diskusjonen var heftig. Klubben held til i fine lokaler midt i byen, i påvente av at lokala i Handelstandens hus blir istandsett etter at det brann i lokala. Klubben har mål om å etablere satelittklubb på Løkkemyra, ein stad i byen som har hatt ein voldsom vekst dei siste åra.

Det ser ut til at vi har utfordring med å følge endringane i samfunnet. Demografien endrar seg, og vi lyt følja på. Sosiale media og elektoniske hjelpemiddel har entra kvardagen vår, og vi må tilegne oss nødvendig kunnskap, slik at teknologien kan gangna saka vår, og vi kan finna nye fotfeste i samfunnet.

Krigen i Ukraina viser kor viktig det at Rotary har fotfeste. Rotary var av dei førte til å få inn hjelp i landet. For rotaryanarane i landet kjenner samfunnet godt, og det har ført til gode, målretta hjelpetiltak.

Det ser ut til at det er god aktivitet i komitteene i distriktet. Det ser ut til at medlestalet har stagnert. Når vi er på bunn, er det enkelt å forstå kva som må gjerast. Forskjellige rekruteringsmåter skal snu pila oppover. I mange tilfelle, kan det være enklare å etblere ein ny satelittklubb eller Rotaract klubb, enn å rekrutere til eigen klubb. For å få til ein satelittklubb, trengs berre åtte medlemmer. Disse åtte bidrar selv slik at de blir tjue og kan velge eigen president. Unge folk har lettare for å snu seg, og har ofte bedre nettverk. Nettverket fell ofte fort når ein når pensjonsalder. Medlemskomiteen og AGene bistår gjerne med gode forslag og inspirasjon.

Til slutt, ei lita helsing fra veredenspresidenten, Jeniffer Jones.

Kjære Rotary-familien!

Jeg har alltid vært inspirert av noe som min bror, David, fortalte meg: «For å få oppleve det samfunnet du ønsker deg, må du bidra til å skape det.»

Rotary-medlemmene er handlekraftige mennesker som over lang tid har skapt positive endringer i lokalsamfunnene våre og for oss selv. Og nå som vi begynner på Rotary-året 2022–23, ser jeg frem til å fortsette arbeidet med å utvikle Rotary til den organisasjonen vi ønsker oss og vet vi kan oppnå.



Distriktskonfransen 2022

Endeleg har vi fått ut både invitasjon, og påmelding.

https://www.deltager.no/event/rotary_distriktskonferanse_surnadal

No kriblar det i det konferansen nærmar seg. Vi har god plass!

Med helsing

Trygve Roaldset

Distriktsguvernør 2022-2023

Rotary Distrikt 2275

Mobil: +47 900 63 534

Mail: trygveroaldset@gmail.com

